



Statens vegvesen

Notat

Til: Silje Storevik Moe og Svein Jarle Slinde
Frå: Vegteknisk v/Jens Tveit og
Njål Farestveit
Kopi:

Sakshandsamar/innvalsnr:
Jens Tveit - 57655949
Vår dato: 08.11.2012
Vår referanse: 2013/008285-002

Fv 337, Hp1, Km 25,150 – Km 25,900 – Veitastrondvegen. Radar for skredvarsling ved Utledøla.

27. september 2012 vart skredpunktet Utledøla ved Fv 337 Veitastrondvegen synfara av Njål Farestveit og Jens Tveit ved Vegteknisk. Målet for synfaringa var å vurdere alternativ for skredvarsling ved punktet.

Situasjon

Lokalbefolkninga på Veitastrond har sjølv tatt initiativ for å undersøke alternativ for skredvarsling ved Utledøla på Fv 337. Vegteknisk vart kontakta av Asbjørn Røneid ved Vegseksjon Sogn for å vurdere kva tiltak som er mest egna. Før synfaringa var det einigheit om at radaren er det beste alternativet, og på sjølve synfaringa var det fokus på praktisk gjennomføring av prosjektet.

Vurdering og tilråding

Ein radar brukar prinsippet om fjernmåling, og den er derfor ikkje i direkte kontakt med skredet. Dette gjer løysinga robust, og det er ikkje behov for vedlikehald etter kvar skredhending. Radaren står i trygg avstand frå skredområdet og sendar ut kontinuerlege radarbølgar. Endringar i området som overvakast vil bli fanga opp, og varsling aktivert.

I Utledalen går det store snøskred som råker vegen på strekket mellom overbygget ved Svori og tunnelen inn til Veitastrond. Det er mange losneområder som drenerer ut til same skredbane, sjå figur 1. Ved å «sikte» på eit punkt der alle løpa er samla i same skredbane vil ein fange opp alle store skred i Utledalen. Samtidig er det truleg at talet falske alarmer grunna små skred som ikkje råker vegen blir lågt.

Ved Utledøla er det tilrådd å montere opp radar og eit signalanlegg som varslar og stoppar trafikken ved ei skredhending. Prosjektet vil bli sett på som eit FoU-prosjekt mellom Vegseksjon Sogn, Skredspesialistfunksjonen og Skredvarslingsprosjektet. Plasseringa for radaren er omtrentleg, og området bør undersøkast kort tid etter ei skredhending med tanke på plassering, ryggen der radaren er tenkt plassert er vist i figur 2. Tilrådd plassering for stoppsignal og radar er markert på kartet i figur 3. På sida mot Veitastrond er det nødvendig å stoppe trafikken i sjølve tunnelen, og på sida mot Hafslo er det vurdert som trygt ved


Øvregardsstølen. Her er det også moglegheit for å snu. Snuarealet må truleg ervervast. Strekket mellom stoppsignala er på om lag ein kilometer, og det bør vurderast å ha eit ekstra varsellys nærmare skredområdet, rundt svingen frå Øvregardsstølen. Sjølv radaren må ha straumforsyning, og stopplysane må koblast saman med styringseininga. Det er plassert ei kommunikasjonsmast ved Øvregardsstølen, som mest truleg har svakstraum kobla til.



Figur 1 - Oversiktskart over Utledalen



Figur 2 - Ryggen for plassering av radar sett frå vegen



Figur 3 - Detaljkart over skredpunktet Utladøla